



Saksframlegg

Søknad om løyve til tiltak - garasje Birtedalsvegen 836, gbnr. 10/12 - Dispensasjon frå byggjegrænse vatn

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for plan og miljø

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 skjema om søknad til og bygge ferdig signert
- 2 garasje bygg plantegning oventill
- 3 skjema om ansvarsrett ferdig signert
- 4 bilde av garasjen med tegning sketch

Bakgrunn for saka:

Jostein Kile søker om dispensasjon frå byggegrense til vatn for å sette opp tilbygg på garasje på eigedomen gbnr. 10/12, Birtedalsvegen 836.



Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for areal, klima og miljø

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense til vatn i kommuneplanen sin arealdel, punkt 5.1.1 i føresegner til planen seier: *Langs verna vassdrag, Kilåi, Songedalsåi, området vest for Fyresvatn , del av Åmdalsvassdraget og langs Fyresvatn og Drang gjeld ei byggegrense på 100m. Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for verna vassdrag skal nyttast her. For alle andre vassdrag, slik det gjeng fram av plankartet, gjeld ei byggegrense på 50 meter. Same reglar gjeld for regulerte vassdrag med lite vassføring. Som vatn blir rekna dei som er på 2 da eller meir.*

Deler av eigedomen ligg innafor nedbørsfelt for verna vassdrag området vest for Fyresvatn. Fylkeskommunen har gitt dispensasjon frå byggegrense til veg for tiltaket.

Garasjen på eigedomen har vore etablert i mange år, avstanden til Fardøla er om lag 15 m på det kortaste. Eigedomen ligg på vestsida av Fardølas utløp i Fyresvatn, på eit område avgrensa av åa, Fyresvatn og fylkesveg 3384, Birtedalsvegen. I tillegg til gbnr. 10/12 er det tre andre eigedomar med busetting i området, samt to fritidseigedomar på motsett side av elva. Av den grunn er det ingen allmenn ferdsel langs Fardøla eller Fyresvatn i dette området. På gbnr. 10/12 er det opparbeid hage med plenareal heilt til vasskanten.

Heile området er markert som aktsamheitsområde for flaum, tiltaket det er søkt om skal ikkje ha varig opphald av folk.

Det ligg føre to vilkår for å kunne gje dispensasjon etter Plan- og bygningslova (PBL) § 19-2.

- Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegner det dispenserast frå vert vesentleg tilsidesett.
- Fordelane ved å gje dispensasjon skal vere vesentleg større enn ulempene. Om vilkåra for å kunne gje dispensasjon ligg føre, har søkjar likevel ikkje krav på dispensasjon. Då kan det gjevast dispensasjon.

Området slik det ligg i dag er tilrettelagt som hage med opparbeid plenareal. Heile området ved Fardølas utløp består av private eigedomar som er bebygd sidan lang tid tilbake. Det er ingen allmenn ferdsel i området. Oppsetting av eit tilbygg til garasjen vil derfor ikkje påverke ålmenta på nokon måte. tilbygget er oppgitt og skulle brukast til lagring, slik at ikkje ting må lagrast ute rundt omkring på tomta.

Vurdering etter naturmangfaldslova §§ 8-12

§ 8) Søk i offentlege kartbasar syner at det kan førekomme kongeørn og vandrefalk i området elles er det ingen registreringar. Området er i dag opparbeid plenareal. Området er busett i dag og tilbygg til garasje vil ikkje påverke dette.

§ 10) tiltaket det er søkt om dispensasjon for tilbygg til garasje. Tiltaket vil gje minimal endring i påverknaden av området.

§ 9) kunnskapen om naturgrunnlaget i området sjåast som tilstrekkeleg sett opp mot omsøkt tiltak som er lite og medfører liten risiko for skade på natur og naturmangfald. Vi meiner førevar prinsippet ikkje kjem til anvending i denne saka.

§ 11 og 12) Ein kan i frå dette ovanståande ikkje sjå at tiltaket vil føre til ulemper for naturmangfaldet i området. Ei total vurdering av tiltaket syner at det ikkje vil føre til ulemper på verken landbruk, friluftsliv eller natur

Konklusjon:

Med bakgrunn i vurderingane over kan ein ikkje sjå at føresegnene i kommuneplanen sin arealdel blir sett vesentleg til side. Tiltaket vil i liten grad påverke området. Tiltaket kan føre til at eigedomen står fram ryddigare.

Innstilling frå kommunedirektøren:

I medhald av Plan- og bygningslova § 19-2 blir det gjeve dispensasjon byggjegrænse til vatn i kommuneplanen sin arealdel for å sette opp tilbygg til garasje som angitt i søknad. Vilkårå for å kunne gje dispensasjon er tilstades, påfører ikkje ulemper til natur eller omgjvnadar elles.

Etter Plan- og bygningslova § 21-9 1. ledd er vedtaket gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Om tiltaket settast i gang men innstillast i meir enn 2 år, fell også tillatinga bort.

Det må søkjast byggjeløyve på vanleg måte, jfr. Pbl §20-1

Gebyr for søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel kr 9 900,- sendast Jostein Kile

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen avdelingsingeniør